

Utklipp fra brev datert 20. august 2012:

Fylkeslandbruksstyrets vedtak 1. mars 1989 i sak 06/575.11:

- ”1. Det skal ikkje førast bort jord frå eigedomen.
2. Matjordlaget på dyrkajorda skal takast av og lagrast for seg på ein slik måte at jordsvinn på grunn av erosjon ikkje førekjem. Matjorda skal leggest attende som topplag der det før inngrepet var dyrkajord.
3. Framdrifta i arbeidet må gå føre seg etter framdriftsplanen, slik at arbeidet til einkvar tid er avgrensa til mindre deler av eigedomen. Kvar einskild del skal førast attende til landbruk etter kvart som steinuttaket for delen er avslutta.
4. For dei areala der det skal gjerast inngrep, skal det samtidig med at inngrepa tar til, setjast av kr. 4 pr. kvadratmeter på sperra konto i bank som sikkerheit for at areala vert ført attende til landbruk. Kontoen kan berre disponerast av heradsagronomen. Pengane på kontoen skal ikkje utbetalast før eigedomen igjen er ført attende til landbruk.

Heradsagronomen i Osterøy har ansvaret for godkjenning av areal som er ført attende til landbruk, og ansvaret for at retningslinene i punkta 1-4 vert følgde. ”

Fylkeslandbruksstyret gjorde vedtak om at:

”Midlertidig omdisponering av delar av gnr. 6 bnr. 1 i Osterøy kommune som omsøkt på vilkår av at punkta 1-4 i fråsegna vert følgd. ”

